

Gjennom Skottland med katamaranen

06.08.2014



No er det 6 år sidan Mai-Lis og Christian Steinsletten kjøpte katamaran og så langt har farkosten oppført seg prikkfritt. Paret i Beinavikjo er svært godt fonøgd med million-investeringen, også etter turen denne sommaren. Den gjekk over Nordsjøen og rett gjennom Skottland, via Loch Ness. Uskedelingane vart ikkje forseinka korkje av storm eller sjøorm og no er katamaranen på plass att heime.

Han vart kjøpt i Portsmouth og har til no vore 2 gonger i Shetland, 3 gongar i Danmark og 2 gonger i Sverige. Dette året var då Caledonian Channel for tur. Sluseferda frå Inverness til Fort William er 60 nautiske mil og paret låg 7 netter i båten medan dei var i kanalen.

Den berømte Nessi var ikkje å sjå denne gongen, men så har ho da også eit 200 meter djupt basseng å boltra seg i. Mai-Lis og Christian var og på ein kulturell avstikkar i slottsmiljø før dei var gjennom kanalen. Også denne ferda var prikkfri, med god vind på slutten. Dei var innom Orknøyane før ferda gjekk heim.

- På desse 6 åra har vi opplevd liten storm berre ein gong, mellom Risør og Smøgen, men også då oppførte båten seg slik han skal, fortel Christian. Neste reisemål er førebels ikkje bestemt,

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Katamaranen har innfridd fullt og heilt